

## Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Torsdag 11.juni 2020, kl 09.00-12.00.

Sted: Zoom

### **Deltakrar:**

Randi Skår (dekan, møteleiar), Hilde Kristin Tveit (seniorrådgivar), Britt Moene Kuven (førstelektor), Kjetil Grimstad Lundberg (professor), Maria Nordheim Alme (førsteamanuensis), Bente Frisk (førsteamanuensis og vara for Ole Tormod Kleiven) under sak 1/20, Astrid Toft (dagleg leiar i KS Hordaland), Olav Klausen (administrerande direktør i Helse Fonna), Sissel Brusegård (fagleiar fylkeskommunen), Fredrik Sørensen (student) og Therese Bøyum (sekretær).

### **Gjester:**

Kristin Senneset (studieadministrativ leiar) og Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitenskap og vikar for prodekan for utdanning) (sak 1/20), Georg Førland (instituttleiar, ved institutt for helse- og omsorgsvitenskap) og Svanaug Fjær (instituttleiar, ved institutt for velferd og deltaking) (sak 2/20), Trude Engebretsen (administrasjonssjef) og Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) (sak 4/20).

### **Forfall:**

Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis) og Olivia Aarheim Hjertø (student).

**Merk: gjestar vil få beskjed om kva tid dei skal kople seg på møte**

Sak	Saks- type <sup>1</sup>	Dokument/saksframlegg	Kva skal skje i møtet?	Ca tid
Sak 1/20: Beredskapsarbeid i FHS	D	Sjå vedlegg i e-post:  Beredskapsdokumentet til FHS ligg vedlagt. Det er sidene 8-13, som er mest aktuelle for dykk å lese, då desse sidene gjev ei samanstilling av arbeidet og prioriteringane som FHS kom fram til.	Kristin Senneset (studieadministrativ leiar) og Dagrún Kyrkjebø (viseinstituttleiar IHO og vikar for prodekan utdanning) gir ein oppsummering av beredskapsarbeidet i fakultetet, og særleg om det som omhandlar utdanning.  Drøfting av beredskapen framover, og korleis dette påverkar studentar, tilsette og samarbeidspartnarar.	40 min
Sak 2/20: Studieportefølje- utvikling	D	Sjå vedlegg i e-post:  Søknadar om utgreiingstillatelse for: <ul style="list-style-type: none"> <li>- erfaringsbasert Master i arbeid med par, familie og nettverk</li> <li>- erfaringsbasert Master i klinisk sjukepleie – kroniske sjukdommar og smittevern</li> <li>- Master i avansert klinisk allmennsjukepleie</li> <li>- Master i sosialvitskap</li> </ul>	Svanaug Fjær (instituttleiar, ved institutt for velferd og deltaking) og Georg Førland (instituttleiar), gir ein status om arbeidet med studieporteføljeutvikling ved FHS, og nye mastertilbud frå 2021.	40 min

<sup>1</sup> D = Drøftingssak O=orientering

Sak 3/20: Årsrapport FHS 2019, og årsplan FHS 2020	D	Sjå vedlegg i e-post: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Årsrapport FHS 2019</li> <li>- Årsplan FHS 2020</li> </ul>	Dekan orienterar om årsrapport 2019 og årsplan 2020.  Fakultetsrådet er velkomne til å gje innspel på dokumenta.	20 min
Sak 4/20: Økonomistatus FHS	O	Sjå vedlegg i e-post: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ressursmodell til EVU- og mastertilbod ved FHS</li> </ul>	Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterer om økonomistatus pr 1.tertial 2020, og ressursmodell til EVU- og mastertilbod ved FHS.  Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) blir med i denne saka, for å supplere administrasjonssjef.	30 min
Sak 5/20: Organisasjonsendring FHS	O	Ingen vedlegg.	Senter for kunnskapsbasert praksis (SKBP) organisert som fagseksjon under institutt for helse- og funksjon (IHF). Etablering av forskingsprogram etter vurdering frå arbeidsgruppe. Orientering v. dekan.	15 min

### Anna/ymse (15 min)

- Fakultetsrådet har motteke nyheitsbrev frå FHS, frå september 2019 til pr dags dato. Det er fint om fakultetsrådet gjev tilbakemeldingar på form og innhald i desse.

## REFERAT

### Sak 1/20: Beredskapsarbeid i FHS

Dagrun Kyrkjebø (viseinstituttleiar IHO og vikar prodekan utdanning) og Kristin Senneset (studieadministrativ leiar), presenterte status for beredskapsarbeidet i fakultetet. Dekan supplerte i saka.

Vedlagt finn de PowerPoint-presentasjonen som vart brukt i møtet. Representantane i fakultetsrådet stilte avklarande spørsmål undervegs i presentasjonen.



Presentasjon til sak  
1.pptx

### Sak 2/20: Studieporteføljeutvikling

Svanaug Fjær (instituttleiar, ved institutt for velferd og deltaking) og Georg Førland (instituttleiar), presenterte status kring arbeidet med studieporteføljeutvikling og oppretting av nye mastertilbod.

Innspel og moment frå drøfting:

- Fakultetsrådet gav gode tilbakemeldingar på presentasjonen av nye mastertilbod, og gav uttrykk for at det er både praksisnært og verkelegheitsnært innhald i utdanningane. Dette er blant anna eit resultat av tett samarbeid mellom HVL og praksisfeltet. Rådet ber om at dette samarbeidet også blir prioritert i fortsettinga. Rådet gav også uttrykk for å ville bidra til å marknadsføre utdanningane eksternt.
- Det kom tilbakemelding frå praksisfeltet, om at kompetanse hjå barnevernstilsette i kommunesektoren, er for svak. Utviklinga av mastertilbod, er svært viktig for å imøtekomma dette behovet for kompetanse.
- Rådet påpeikar dilemma mellom monofaglege interesser og tverrfaglegheit. I kommunane er ein opptatt av breiddekompetanse, tverrfaglegheit, og det å kunne sjå ei heilheit. Dekan kan melde om at HVL og utdanningssektoren har dette på agendaen, også på nasjonalt nivå.
- Det kjem innspel om å kutte ned på krav om forkunnskapar i opptakskrava. Dette vil kunne auke opptak frå praksisfeltet.

#### Oppfølging i saka:

Svanaug Fjær og Georg Førland tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med studieporteføljen for 2020-2021.

### **Sak 3/20: Årsrapport FHS 2019, og årsplan FHS 2020**

Dekan synta til årsrapporten for 2019, som er eit godt verktøy for å vise omverda noko av den viktigaste aktiviteten frå FHS i 2019, og som gjerne kan brukast i marknadsføring av FHS. Både årsrapport og årsplan, vart utarbeida noko seinare dette året, pga beredskapsarbeidet. Mange av måla og tiltaka som var sett opp i årsplanen, er allereie gjennomførte.

Dekan orienterte fakultetsrådet, om status på arbeid utført hittil i år, og vidare om nokon av dei viktigaste måla og satsingane for 2020 (jamfør årsplan). Samla sett har det skjedd veldig mykje denne våren. Til tross for pandemien og alt ekstraarbeid det medførte, har fakultet klart å oppretthalde drifta, og samstundes holdt oppe fokus på utviklingsarbeid både på utdanningssida og organisatorisk/administrativt.

### **Sak 4/20: Økonomistatus FHS**

Trude Engebretsen og Lillian Irene von Krogh orienterte om økonomistatus pr 1.tertial 2020. Vedlagt finn de PowerPoint-presentasjonen som vart brukt i møtet. Representantane i fakultetsrådet stilte avklarande spørsmål undervegs i presentasjonen.



Fakultetsråd  
11.06.20.pptx

### **Sak 5/20: Organisasjonsendring i FHS**

Etter intern høyringsprosess, høyring i fakultetsrådet (pr e-post i mars) og drøftingar i ID-møte og IDF-møte, er det beslutta at senter for kunnskapsbasert praksis blir fagseksjon kunnskapsbasert praksis ved institutt for helse og funksjon. Organisasjonsendringa trer i kraft 1.august. Stillinga som fagseksjonsleiar er lyst ut og søknadsfristen var 24.mai. Tilsettingsrådet skal ha møte i juni.

Arbeidsgruppa som skal utarbeide forslag til forskingsprogram, har sitt siste møte i juni. Innspel frå arbeidsgruppa skal deretter vidare til FoU-utval, utdanningsutval og eventuelt fakultetsrådet, før endeleg avgjersle. Utfallet vil bli formidla i nyheitsbrevet.

### **Anna/ymse:**

Nyheitsbrevet til FHS:

Rådet gav gode tilbakemeldingar på nyheitsbrevet. Dei kom også med innspel om at FHS bør vurdere å sende det ut til samarbeidspartnarar. Ann Jørstad Nilsen (kommunikasjonsrådgivar) var til stades i møtet, og vil ta med seg innspelet vidare.